SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga

Sakshandsamar:
Susan Husabø
E-post: Susan.Husabo@sfj.no
Tlf.: 57638150

Vår ref.
Sak nr.: 18/7055-3
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
39103/18

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 21.08.2018

Notat

Til: Hovudutvalet for opplæring

Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Status for inntak til skule og formidling til opplæring i bedrift for skuleåret 2018-2019

Inntak til skule
I første inntaket som var klart 4.juli vart det teke inn 4013 søkarar med ungdomsrett. Det er om lag 20 færre enn året før. Då var det 160 søkarar som så langt ikkje hadde fått tilbod om skuleplass og 320 ledige skuleplassar. Talet søkarar utan tilbod om skuleplass var på nivå med året før, og det var 35 fleire ledige plassar.

Andre inntaket var klart for søkarane 27.juli. Kvart år er det færre inntekne etter andre inntaket enn etter første inntaket, i år var det 25 færre. Det skuldast at søkarar takkar nei til plassar i første inntaket, men vi har ikkje søkarar på vent til alle desse plassane. Samtidig fekk 82 nye søkjarar anten plass eller dei fekk nytt tilbod om plass på eit høgare ønske. Etter andre inntaket var det talet søkarar som ikkje hadde fått tilbod om plass redusert til 69.

Ledige skuleplassar
Etter andre inntaket var det 390 ledige plassar, også i fjor var talet ledige plassar etter andre inntaket på det nivået.

Ledige plassar fordelte seg slik:

	totalt	Studieførebuande	Yrkesfag
Vg1	146	89	57
Vg2	160	85	75
Vg3	86	80	6

På vg1 var det 40 på studiespesialisering, 20 på medium og kommunikasjon og 15 på kunst, design og arkitektur. Ledige plassar på yrkesfag er jamt fordelte, med unntak av vg1 service og samferdsel de det var 11 ledige plassar ved Årdal vidaregåande skule.

Av dei 85 ledige plassane på vg2 var 33 av dei på studiespesialisering, 26 av dei på medium og kommunikasjon ved dei to skulane og 15 på kunst, design og arkitektur. På studiespesialisering vg2 er det i alt 510 plassar fordelte på 17 grupper. I utdanningsprogrammet medium og kommunikasjon er det 2 grupper totalt i fylket og kunst, design og arkitektur har ei gruppe.
Ut over dette er dei ledige plassane god spreidde.

På vg3 er dei ledige plassane på same utdanningsprogramma som på vg2.

Kor er det søkarar ikkje fekk plass?
Av dei 69 søkarane som stod utan tilbod om skuleplass etter andre inntaket var 19 på vg1, 34 på vg2 og 16 på vg3. På vg1 var det fire på elektro, to på kvart av utdanningsprogramma helse og oppvekst, idrettsfag, service og samferdsel og teknikk og industriell produksjon. Det var ledige plassar på vg1 helse og oppvekst og teknikk og industriell produksjon ved andre skular, så søkarane

til desse utdanningsprogramma fekk tilbod. Til studiespesialisering, var det seks utan tilbod, men med 40 ledige plassar løyste det seg godt.
På vg2 er det anleggsteknikk, barne, og ungdomsarbeidar, elenergi og maritime fag som alle hadde 2-4 utan plass.

På vg3 stod det att 14 søkarar til vg3 påbygging til generell studiekompetanse. Det var ledige plassar ved Dale og Årdal vidaregåande skular. I tillegg har skulane som hadde fulle grupper meldt om elevar som ikkje møtte første skuledagen, alle søkarane til påbygging er no på plass.
Per 21.august var det igjen 7 søkarar utan tilbod , fire til vg1 og tre til vg3. Fylkesdirektøren arbeider med løysingar for desse.

Det er fylkesdirektøren si vurdering at dimensjoneringa i all hovudsak var godt tilpassa søkinga, med noko utfordringar i dei studieførebuande utdanningsprogramma.

Formidling til opplæring i bedrift
Det var 493 søkjar med ungdomsrett som søke opplæring i bedrift som første ønskje. Pr 16.08.2018 var det 101 av desse som ikkje var registrert med læreplass. Pr i dag 21.08.2018 er det 82 som er registrert utan læreplass på same tid i fjor hadde vi 76.

Det vi ser i år er at IKT-faget er det faget der færrast har fått læreplass, vi har 12 utan læreplass i dette faget. Elles fordelar resten seg relativt jamt på programområda.

Alle som var registrert utan læreplass pr 16.08.2018 vart kalla inn til møte på næraste vidaregåande skule den 23.08.2018. I dette møte vil alle få individuelle samtalar med arbeidslivskontakten for å kartleggja situasjonen til den enkelte.